




SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsmelding 2014

Kontrollutvalet



Innhold

1	Innleiing	4
2	Samansetting av kontrollutvalet	4
2.1	Kontrollutvalet 2011 - 2015	4
3	Kontrollutvalet sitt formål	5
4	Budsjett og rekneskap	5
5	Revisjon av fylkeskommunen	5
6	Sekretariat for kontrollutvalet	6
7	Kontrollutvalet si verksemd 2014	6
7.1	Møteverksemd	6
7.2	Fylkestingsaker frå kontrollutvalet	6
7.3	Andre saker som kontrollutvalet handsama i 2014	7
7.3.1	Kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2014	7
7.3.2	Eigarskapskontroll	7
7.3.3	Forvaltningsrevisjon – Gjennomføring av prosjekt	7
7.3.4	Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt	8
7.3.5	Plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll	9
7.3.6	Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2013	10
7.3.7	Kontroll av praktisering av arbeidsvilkåra for folkevalde	10
7.3.8	Kontrollutvalet - Budsjett 2015/Økonomiplan 2015 – 2018	10
7.3.9	Møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2013 til desisjon	11
7.3.10	Revisorbrev 01/2014	11
7.3.11	Vurdering av uavhengigheit	11
7.3.12	Oppfølging av utvalet sitt arbeid	11
8	Andre forhold	11
9	Oppsummering	12

1 Innleiing

Kontrollutvalet fører tilsyn og kontroll med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget. Finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er kontrollutvalet sine sentrale oppgåver.

For å ivareta ansvaret for kontroll og tilsyn er opplæring av utvalet sine medlemmar særskild viktig. Kontrollutvalsmedlemmane har også i 2014 fått tilført kompetanse gjennom eit felles opplæringsopplegg i lag med kontrollutvala i dei andre vestlandsfylka.

Medlemmane i utvalet deltok dette året på konferansar arrangert av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) og Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT). Dette er, i tillegg til å vere kompetansebyggingsarenaer, viktige møteplassar for kontrollutvalsmedlemmer der vi møter kollegaer frå heile landet.

2 Samansetting av kontrollutvalet

Kommunelova (KL) kapittel 12 omhandlar internt tilsyn og kontroll samt revisjon. Fylkestinget har det øvste tilsynsansvaret med fylkeskommunen, og vel eit kontrollutval til å føre det daglege tilsynet med den fylkeskommunale forvaltninga, jfr. KL § 77.

2.1 Kontrollutvalet 2011 - 2015

For perioden 2011 – 2015 er kontrollutvalet samansett slik:

Leiar: Arve Mjømen (H)*
Nestleiar: Per Rune Vereide (Sp)
Medlemmar: Kari Maria Rutle Fjærestad (Ap)
Turid Vassliås Borgund (Frp)
Kåre Jarl Langeland (V)

*medlem i fylkestinget

Det vart ved fylkestingsvalet 2011 vedteke at kontrollutvalet skulle ha partivise varamedlemer.

Varamedlemer 2011 - 2015:

	Høgre	Senterpartiet	Arbeiderpartiet	Framstegspartiet	Venstre
1	Kari Vikane	Geir Helge Østerbø	Jan Inge Buene	Ørjan Tystad	Elisabeth Normann Leversund
2	Berit Seljeseth Osa	Marit Aafedt Fjærestad	Margunn Masdal	Bjørg Sølvi Refvik	
3	Jostein R. Huneide	Iris Loftheim	Anne Marit Oppedal	Arve Glomnes	Jon Ove Lomheim

I det politiske organisasjonskartet er kontrollutvalet direkte underlagt fylkestinget. Dette medfører at kontrollutvalet har ein uavhengig ståstad i høve til andre fylkeskommunale

politiske og administrative organ. Det er følgjeleg berre fylkestinget som kan instruere kontrollutvalet.

3 Kontrollutvalet sitt formål

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget. Utvalet skal også sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Utvalet skal gjennom sitt arbeid bidra til at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til Sogn og Fjordane fylkeskommune, og at fylkeskommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lov, forskrift og andre reglar samt fylkestinget sine føresetnader og vedtak. Utvalet skal stå fram som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Det er berre fylkestinget som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta.

Kontrollutvalet har eit overordna mål om at kontroll og tilsyn i Sogn og Fjordane fylkeskommune skal bidra til å sikre fylkeskommunen ein best mogeleg forvaltning av ressursane, til føremon for fellesskapet og enkeltmennesket.

4 Budsjett og rekneskap

Kontrollutvalet sitt reviderte budsjett for 2014 var på 4,132 mill. kroner, fordelt på kontrollutvalet, sekretariat og kjøp av revisjonstenester. Budsjettet var opphavleg på 4,450 mill. kroner, men ei tilbakebetaling av 0,318 mill. kroner frå SF revisjon IKS resulterte i ein budsjettreduksjon slik at budsjettet vart redusert til 4,132 mill. kroner i samband med 2. tertial-handsaminga.

Budsjettoppfølging har vore utført per tertial.

Rekneskap for 2014 viser eit forbruk på 3,970 mill. kroner, som er eit mindreforbruk på 0,162 mill. kroner.

Mindreforbruket i stor grad forklarast ved lågare deltaking på kurs/konferanse enn budsjettet.

5 Revisjon av fylkeskommunen

Sogn og Fjordane fylkeskommune har avtale med to revisjonsfirma. Finansiell revisjon og selskapskontroll vert utført av SF revisjon IKS. Dette er regulert i selskapsavtalen til SF revisjon IKS.

Til å gjennomføre forvaltningsrevisjon har fylkeskommunen rammeavtale med Deloitte AS. Avtale vart signert 10. juni 2013 og gjeld i to år med opsjon for forlenging i ytterlegare to år.

6 Sekretariat for kontrollutvalet

Fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalet har tilfredsstillende sekretariatbistand. Sekretariatet har i 2014, som dei føregående åra, bestått av ein person i heil stilling. Organisatorisk er sekretariatet (kontrollsjefen) direkte plassert under kontrollutvalet, og det medfører at kontrollutvalet har arbeidsgjevaransvaret. Organiseringa sikrar uavhengigheit til den administrative leiinga av fylkeskommunen, som er gjenstand for kontroll og tilsyn av kontrollutvalet. Organiseringa sikrar i tillegg uavhengigheit til selskapa som reviderer fylkeskommunen.

7 Kontrollutvalet si verksemd 2014

7.1 Møteverksemd

Kontrollutvalet gjennomførde 12 møte i 2014. 8 av møta var sett opp i møtekalendaren. Dei resterande 4 møta var ekstramøte som vart sett opp gjennom året. To av ekstramøta var gjennomført som telefonmøte. Seks av møta vart avvikla på fylkeshuset. Dei øvrige møta var stort sett gjennomført i samband med at kontrollutvalet besøkte skular og kommunar rundt i fylket. Kontrollutvalet handsama 62 saker i 2014.

Medlemmane i utvalet, fylkesordførar og fylkesrådmann får tilsendt møteinnkalling og alle sakspapir til møta i kontrollutvalet via OneNote. Revisorane får tilsendt innkalling via e-post. Sakspapir og møteprotokoll vert lagt ut på heimesida til fylkeskommunen. Dette gjeld ikkje for saker som er unnateke offentleg innsyn.

Leiar i kontrollutvalet er medlem av fylkestinget. Øvrige medlemmar av kontrollutvalet stiller på fylkestinget når kontrollutvalet sine saker vert handsama, og i 2014 var oppmøtet slik:

11. – 12. juni	Vereide, Fjærestad, Langeland og Borgund
14. oktober	Vereide og Borgund
9. – 10. desember	Vereide og Borgund

7.2 Fylkestingsaker frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet fremja åtte saker til handsaming i fylkestinget i 2014. To av sakene var rapportar etter gjennomførde forvaltningsrevisjonsprosjekt:

- Forvaltningsrevisjon «Tryggleik og beredskap» (FT-sak 7/14)
- Forvaltningsrevisjon «Tildeling og oppfølging av tilskot» (FT-sak 36/14)

Dei andre sakene som utvalet la fram for fylkestinget var reviderte planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll, desisjon av møtebøker for fylkesutvalet og hovudutvala, kontroll av praktiseringa av arbeidsvilkåra for folkevalde, vurdering av moglege innsparingstiltak for kontrollutvalet i tillegg til utvalet si årsmelding.

7.3 Andre saker som kontrollutvalet handsama i 2014

7.3.1 Kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2014

Bestillingsdokumentet med bestilling av finansiell revisjon og selskapskontroll vart handsama og vedteke på kontrollutvalsmøte i KU- sak 4/14. Bestillingsdokumentet vart sendt til SF revisjon IKS.

7.3.2 Eigarskapskontroll

7.3.2.1 Oppfølging av eigarskapskontroll av Lutelandet Utvikling AS

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok 20. desember 2013 brev frå Lutelandet Utvikling AS der dagleg leiar orienterte om oppfølginga selskapet hadde gjort i høve til tilrådingane frå revisor. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 3/14 å ta oppfølginga frå selskapet til vitande og avslutta med det eigarskapskontrollen.

7.3.2.2 Selskapskontroll 2014 – Forvaltningsrevisjon F1 Holding AS

Fylkestinget vedtok samrøystes i FT-sak 4/2014, revidert plan for forvaltningsrevisjon, at det skulle gjennomførast forvaltningsrevisjon av F1 Holding AS i løpet av 2014. Kontrollutvalet vedtok bestilling av dette prosjektet i KU-sak 32/14, og prosjektplan vart vedteken i KU-sak 33/14. Rapport vert ferdig i løpet av våren 2015.

7.3.3 Forvaltningsrevisjon – Gjennomføring av prosjekt

7.3.3.1 Forvaltningsrevisjon – Samhandling

Prosjektplanen vart vedteken i KU-sak 2/14 med ferdigstillingsdato 30. juni 2014. Ferdigstilling av prosjektet har vorte forseinka på grunn av forskjellige omstende. Kontrollutvalet handsama i KU-sak 17/14 og i KU-sak 31/14 val av prosjekt som skulle inngå i denne revisjonen. Rapport er klar til handsaming våren 2015.

7.3.3.2 Forvaltningsrevisjon - Tryggleik og beredskap

Kontrollutvalet handsama rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av Tryggleik og beredskap i KU-sak 15/14. Kontrollutvalet vedtok ei tilråding til fylkestinget der rapporten vert teken til etterretning, og der fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tilrådingane i rapporten og melde tilbake status og plan for vidare oppfølging til kontrollutvalet innan utgangen av 2014. Saka vart sendt til fylkestingshandsaming, og fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet i FT-sak 7/14. Utvalet fekk tilbakemelding i byrjinga av februar 2015.

7.3.3.3 Forvaltningsrevisjon – Tildeling og oppfølging av tilskot

Dette forvaltningsrevisjonsprosjektet vart bestilt i KU-sak 25/14, og prosjektplan vart vedteken i KU-sak 30/14. Rapport etter forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning vart handsama av kontrollutvalet i KU-sak 53/14. Utvalet vedtok ei tilråding til fylkestinget der rapporten vart teken til etterretning og at fylkesrådmannen fekk i oppdrag å følge opp tilrådingane i rapporten med unntak av nr. 3 og 9, og melde status for oppfølginga til kontrollutvalet innan 1. september 2015.

7.3.3.4 Forvaltningsrevisjon - Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport

Bestilling av prosjektet vart vedteken av kontrollutvalet i KU-sak 34/14, og prosjektplanen vart godkjent i KU-sak 39/14. Prosjektet skal vere ferdigstilt innan 1. mai 2015.

7.3.3.5 Forvaltningsrevisjon – Fylkesarkivet

Bestilling av forvaltningsrevisjon av fylkesarkivet vart vedteken av kontrollutvalet i KU-sak 40/14 etter vurdering av formål og problemstillingar framlagt av kontrollsjefen. Bestillinga vart sendt Deloitte AS. Prosjektplanen vart vedteken i KU-sak 48/14. Prosjektet er planlagt å verte ferdigstilt innan utgangen av februar 2015.

7.3.4 Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt

Ein del av oppfølgingspunkta i forvaltningsrevisjonsprosjekta er omfattande gjeremål som krev tid å få gjennomført. Det er kome på plass rutine for oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar mellom kontrollsjef og fylkesrådmann. Det er utarbeidd eit rekneark i samband med oppfølginga med oversikt over status på dei forskjellige prosjekta. Det er kontrollsjefen som er ansvarleg for oppdatering av reknearket, og det vert lagt fram for kontrollutvalet to gonger i året. I framkant av handsaming i kontrollutvalet vert status gjennomgått med fylkesrådmannen. I tillegg er det fokus på oppfølging av det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekt som har vore gjennomført.

I 2014 handsama kontrollutvalet oppfølging av 7 tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt.

7.3.4.1 Forvaltningsrevisjon 2011 – Næringsretta tiltak – oppfølging 300114

Kontrollutvalet mottok 15.1.2014 rapport med oppfølging av dette prosjektet. Rapporten var datert 15. desember 2013. Oppfølging har vore rapportert 2 gonger tidlegare, 26.mars 2012 og 15. desember 2012.

Kontrollsjefen vurderte oppfølginga som fylkesrådmannen gjorde greie for i rapporten 15. desember 2013 som at fylkestinget sitt vedtak i FT-sak 44/11 var oppfølgt. Ved godkjenning av verdiskappingsplanen vil tilrådingane vere oppfølgt.

7.3.4.2 Forvaltningsrevisjon 2009 – Kompetanseprofil i fylkeskommunen – oppfølging av statusnotat 19.2.2014

Kontrollutvalet handsama 2. april 2013 rapport frå fylkesrådmannen der det vert peika på grunnane for at oppfølginga tek lenger tid enn det som var planlagt. Fylkesrådmannen skreiv i rapporten at han ville bruke ressursar på arbeidet med utvikling og testing av eit kompetansebudsjett og kompetanserekneskap i eit pilotprosjekt i 2013. Det var på dette tidspunkt vanskeleg å seie noko om framdrifta av arbeidet. Utvalet vedtok å be om ny rapport innan utgangen av januar 2014 etter innspel frå fylkesrådmannen.

Kontrollutvalet mottok nytt statusnotat 19. februar 2014 der erfaringane frå pilotprosjekta på Øyrane v.g skule (ØVG) og tannhelsetenesta (THT) vert omtala. Fylkesrådmannen viser i notatet at ein er godt i gang med utvikling og testing av kompetansebudsjett/rekneskap, og at det er behov for vidareutvikling og testing av modellane som er brukt i dei to pilotprosjekta før det er aktuelt med implementering i større omfang. Notatet er handsama av kontrollutvalet i KU-sak 10/14, der utvalet vedtok å ta status og tidplan for vidare arbeid til vitande i tillegg til å be om ny statusrapport innan 31. januar 2015.

7.3.4.3 Forvaltningsrevisjon av innkjøp – oppfølging av vedtak i FT-sak 28/13

Kontrollutvalet mottok 12. mai 2014 ein rapport i form av eit skjema med oppfølging av tilrådingane frå revisor i rapporten etter den gjennomførte forvaltningsrevisjonen. Nokre av

punkta vart rapportert som ferdig oppfølgde. Dei fleste av tilrådingane var under arbeid. Kontrollutvalet ba i vedtaket i KU-sak 23/14 å be om ny rapport innan 1. oktober 2014.

Utvalet handsama vidare oppfølging i KU-sak 55/14 etter å ha motteke rapport i form av ein e-post 19. oktober 2014. Ein del fleire tilrådingar var oppfølgde, men det stod framleis igjen ein del tiltak som etter planen skulle verte ferdigstilt i januar 2015. Utvalet ba om ny rapport innan 15. januar 2015.

7.3.4.4 Forvaltningsrevisjon 2010 – Byggeprosjekt i Sogn og Fjordane - oppfølging av rapport

Kontrollutvalet handsama rapport datert 22. april 2014 frå fylkesrådmannen i KU-møte 27. mai i KU-sak 24/14. Utvalet vedtok å ta rapporten til vitande og be fylkesrådmannen om tilbakemelding om rutine vedrørende handsaming av prosjektrekneskapa knytt til vegprosjekt innan utgangen av 2014.

Utvalet mottok brev frå fylkesrådmannen datert 10. november 2014 der det vert gjort greie for at det vert utarbeidd rutinar knytt til handsaming av prosjektrekneskap både for veginvesteringar og byggingsinvesteringar. Det er planlagt å legge desse rutine fram for fylkesutvalet i løpet av våren 2015. Kontrollutvalet tek brevet frå fylkesrådmannen til orientering og ber om å bli orientert når retningslinjene er på plass innan 1. halvår 2015.

7.3.4.5 Forvaltningsrevisjon – Energi og miljø – oppfølging

Kontrollutvalet mottok rapport med oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet energi og miljø 13. februar 2013. Det er gjort eit omfattande arbeid med tilrådingane i forvaltningsrevisjonsrapporten, men det verkar ikkje som ein har kome heilt i mål med oppfølginga. Kontrollutvalet vedtok å be fylkesrådmannen om rapport etter at alle oppfølgingspunkta er gjennomførde innan utgangen av 2013.

Kontrollutvalet mottok ny rapport 14. august 2014, der fylkesrådmannen gjev ein ny status i oppfølginga av forvaltningsrevisjonsprosjektet. Alle dei fire tilrådingane i rapporten er etter kontrollutvalet si vurdering oppfølgde, og utvalet vedtok i KU-sak 38/14 at oppfølginga av rapporten er fullført. Dermed er også oppfølging av FT-sak 2/12 ferdig.

7.3.4.6 Forvaltningsrevisjon - Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbodet til lærlingar – oppfølging av vedtak

Kontrollutvalet mottok notat frå fylkesrådmannen datert 25. september 2014 med oppfølging av FT-vedtak 27/13. Det er gjort omfattande arbeid i oppfølginga av rapporten som fylkestinget handsama i FT-sak 27/13, men ikkje alle tilrådingane var ferdig oppfølgde. Kontrollutvalet ba derfor i vedtaket i KU-sak 46/14 å be om ny rapport innan 19. januar 2015 med status for dei tilrådingane som ikkje var ferdig oppfølgde i notatet av 25. september.

7.3.4.7 Forvaltningsrevisjon – Vedtaksoppfølging – oppfølging av prosjektet

Årsrapporten for 2013 viser at avviksrapportering er kome på plass. Oppfølging av politiske vedtak og avviksrapportering er omtala på side 74 i den nemnde årsrapporten. I tillegg er det utarbeidd rutinar for oppfølging av politiske vedtak, og desse rutine finnast på portalen. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 47/14 at vedtaket i FT-sak 19/10 er fullført.

7.3.5 Plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll

Plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll skal utarbeidast og vedtakast innan utgangen av året etter valet. Dette vart gjort i 2012, men det er også anbefalt å revidere eller

rullere planverket minst ein gong i perioden, slik at planane er oppdatert i høve til dei utfordringar som fylkeskommunen har. Kontrollutvalet handsama reviderte planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i 2014. Dei reviderte planane vart handsama i høvesvis KU-sak 11/14 og 12/14. Begge planane vart sendt til fylkestinget for endeleg handsaming der.

7.3.6 Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2013

Kontrollutvalet ga i KU-sak 20/14 uttale til fylkestinget om årsrekneskapen 2013 på grunnlag av avlagt årsrekneskap, årsrapport frå fylkesrådmannen og revisjonsmelding frå SF revisjon IKS. Kontrollutvalet signaliserte i sin uttale til årsrekneskapen uro over auken og nivået i fylkeskommunen si langsiktige gjeld. Utvalet etterspør ein meir oversikteleg presentasjon av rekneskapstal i årsrapporten.

7.3.7 Kontroll av praktisering av arbeidsvilkåra for folkevalde

Kontrollutvalet vedtok våren 2013 å bestille ein stikkprøvekontroll av etterleving av reglementet for godtgjersle til folkevalde. Rapporten etter denne stikkprøvekontrollen vart lagt fram som sak for utvalet i KU-sak 21/14. Utvalet vedtok ei tilråding til fylkestinget der ein tok rapporten til vitande, og der fylkesrådmannen vert bedt om ei avklaring av omgrepet «alle verv vedkomande har» i pkt. 1.4 i reglementet, og at praksisen med full erstatning for tapt arbeidsforteneste for fråvær mellom 6 – 8 timar blir vurdert ev. ved ei endring i reglementet.

7.3.8 Kontrollutvalet - Budsjett 2015/Økonomiplan 2015 – 2018

Kontrollutvalet behandla i KU-sak 35/14 budsjett for 410 Kontrollutval, som består av kontrollutvalet, sekretariatet og kjøp av revisjonstenester. Framlegget til budsjett og økonomiplan vart sendt fylkesutvalet for innarbeiding i fylkeskommunen sitt budsjett. I budsjettsaka dette året vedtok utvalet å få utarbeidd ei utgreiing av konsekvensar for 10 forskjellige område for langsiktige innsparringar.

I KU-sak 52/14 handsama kontrollutvalet vurdering av dei to første innsparringsområda frå KU-sak 35/14. Dette gjaldt tal medlemmar i utvalet og i kva grad medlemmane skal veljast frå fylkestinget sine medlemmar. Kontrollutvalet vedtok tilråding til fylkestinget slik:

1. *Kontrollutvalet skal ha fem medlemmar som i dag*
2. *Leiar og nestleiar i kontrollutvalet skal veljast frå fylkestinget sine medlemmar. Leiar skal kome frå opposisjonen, og nestleiar skal kome frå posisjonen. Resten av utvalet kan veljast på fritt grunnlag.*

Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 59/14 innsparring av eigne rammer for perioden 2016 – 2019. Saksframlegget og protokollen var vedlagt budsjettsaka som fylkestinget handsama i FT-sak 50/14.

7.3.9 Møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2013 til desisjon

Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 45/14 tilråding til fylkestinget om å ta rapporten etter gjennomgang av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2013 til etterretning.

7.3.10 Revisorbrev 01/2014

Kontrollutvalet mottok 23. september 2014 revisorbrev 01/2014. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 41/14 å ta revisorbrevet til etterretning. I tillegg vedtok utvalet å be fylkesrådmannen om å sette i gang tiltak som er kravd for å følgje opp tilrådingar og oppmodingar i brevet, og rapportere status på arbeidet innan 1. november 2014 til SF revisjon IKS med kopi til kontrollutvalet.

Sekretariatet for kontrollutvalet mottok 24. oktober 2014 kopi av brev frå fylkesrådmannen til SF revisjon IKS med oppfølging av revisorbrevet, der revisor ikkje har merknadar til tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen. Revisor vil i samband med revisjonen av årsrekneskapen for 2014 gjennomføre kontrollar der ein ser om oppfølginga er tilfredsstillande. Kontrollutvalet handsama brevet frå fylkesrådmannen i KU-sak 56/14. Utvalet vedtok å ta brevet til vitande, og i tillegg at oppfølginga av revisorbrev 01/2014 er fullført.

7.3.11 Vurdering av uavhengigheit

Kontrollutvalet handsama uavhengigheitserklæring frå oppdragsansvarleg revisor i Deloitte AS og SF revisjon IKS i sakene 57/14 og 58/14. Utvalet tok uavhengigheitserklæringane til etterretning.

7.3.12 Oppfølging av utvalet sitt arbeid

Kontrollutvalet har i 2013 hatt ei fast sak om oppfølging av utvalet sitt arbeid. I denne saka får utvalet sine medlemmer ei oversikt over utvalet sitt pågåande arbeid med kontroll og tilsyn av den fylkeskommunale verksemda. Utvalet handsamar også ei sak om status på gjennomførde forvaltningsrevisjonar to gonger i løpet av året - i 2014 var dette KU-sak 13/14 og 42/14.

I tillegg har utvalet ei fast sak med skriv, meldingar og orienteringar. I denne saka vert skriv som er aktuelle for utvalet lagt fram. Utvalet får i tillegg orienteringar frå eksempelvis fylkesrådmann, revisor eller andre som utvalet vil ha ei eller anna form for orientering frå. Leiar i utvalet og kontrollsjef har eigne orienteringspunkt i saka.

Utvalet vedtok i KU-sak 22/14 eiga årsmelding for 2013 og sendte den til fylkestinget som orienteringssak.

8 Andre forhold

Kontrollutvalet vedtek eigen møte- og aktivitetsplan der aktivitetane til utvalet er tilpassa behov for tilsyn og kontroll og det budsjettet som utvalet får tildelt. I tillegg vedtek utvalet

årsplan for eige utval og gje vedtak om disponering av eige budsjett. Utvalet har gjennom året innhenta opplysningar og stilt spørsmål til administrasjonen på fleire ulike område.

Arbeidet med å få utvikla rutinar mellom sentrale tilsynsorgan og internt tilsyn har også pågått dette året. Dette arbeidet har resultert i at rutinar for kommunikasjon om tilsynsplanar har kome på plass, slik at unødig dobbeltarbeid kan unngåast.

Kontrollutvalet vedtok i 2013 ein avtale om gjensidig vikarordning ved korttidsfråvær mellom sekretariata for dei fylkeskommunale kontrollutvala i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. I 2014 vedtok utvalet ei vikarordning ved eventuelt langtidsfråvær.

9 Oppsummering

Kontrollutvalet legg vekt på å vere nyttige medspelarar for at fylkeskommunen skal nå sine mål. Kontrollutvalet legg også vekt på å bidra til å skape tillit til fylkeskommunen si verksemd. Kontroll og tilsyn er ikkje noko mål i seg sjølv, men eit middel for å nå dei oppsette måla.

Kontrollutvalet legg årsmeldinga fram for fylkestinget som rapport om utvalet sitt arbeid med tilsyn og kontroll av den fylkeskommunale verksemda.

Kontrollutvalet takker revisorar, administrasjon og politisk leing for samarbeidet i 2014.

Leikanger 12. mai 2015

Arve Mjømen, leiar (s)

Per Rune Vereide, nestleiar (s)

Kari Maria Rutle Fjærestad (s)

Turid Vassliås Borgund (s)

Kåre Jarl Langeland (s)

Einar Ulla, kontrollsjef (s)



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Kontrollutvalet
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
57 63 80 00
postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Framsida: Vinter på Hafslo
Foto: Birthe Johanne F. Finstad